

ADRESSEDRING PÅ RADØY

Adresseendring i Radøy før Alver kommune

Kommentar til arkivsak 18/2754

Ber om at me her på Hella kan få behalde vegnamnet vårt:»Hellevarden».

1. Hella er eit gamalt og kjent stadnamn i Nordhordland. Finn ikkje dette stadnamnet nemnt andre stader i nye Alver kommune. Berre prøv på «yr.no».
2. Vegnamnet vart vedteke i 2010, 4 år før «Helleåsen»i Lindås.
3. Sentralt i Hellevarden sitt område ligg «Vardhøyen» der ein har funne restar av ein gamal varde. Så namnet har ein gammal historisk tilknytning som vi her er stolte over. Vi fekk ikkje bruka a-en i namnet «Helleavarden» den gongen vi søkte om vegnamnet, difor «Hellevarden».
4. Radøyvegen to tusen eitelleranna vert historielaust og gjev oss liten identitet til staden vi bur på.
5. Me har heller ikkje opplevd at besøkande har hatt problem med å finna fram til oss. (Drosjer, ut-rykningskjøretøy eller andre)

Venleg helsing me som har den fine vegadressa :»Hellevarden» her på Radøy.

Hella, 11/12 – 2018



Tore Morland

Hellevarden 27

5936 Manger